



Medlemmer av SU/SMU

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2783 - 17/21825

Saksbehandlar:

Magne Lædre

magne.laendre@meland.kommune.no

01.11.2017

Referat SMU/SU møte 18.10.2017

Referat frå møte i skulemiljøutvalet 18.10.2017

Desse møtte: Anita VB, Markus 7A, Augusta 6B, Solveig (Vara for Morten), Silje, Sigrid, Laila, Nina
Ikkje møtt: Noa og Ørjan

13/17 Val av leiar, nestleiar og sekretær

Leiar: Silje

Nestleiar: Marcus

Sekretær: Magne

14/17 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Merknad til innkalling: Saksliste sendast elevrådsrepresentantar på it's learning

Saksliste er godkjent.

15/17 Kva er skulemiljøutvalet sitt mandat?

Rektor informerte kort om mandatet til skulemiljøutvalet. Meir utfyllande informasjon vert sendt medlemmene på epost.

16/17 Informasjon om inneklimasak i klasserom

Skulen har fått avviksmelding på eit klasserom i brakke B. Lærar reagerer på inneklima i rommet. Som ei løysing har klassen fått nytt klasserom i Meland Aktiv og blir den første klassen som flyttar opp til skulen når nybygget står klart. Avviksmeldinga sendast vidare til prosjektleiar for utbygginga.

17/17 Informasjon om skulen sitt arbeid med tiltaksplanar etter §9a.

Rektor har mottatt 8 varsel om elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det er laga skriftlege tiltaksplanar i 6 av sakene. Dei to siste jobbast det med enda.

Føresette og dei fleste elevane er informert om endringane i lovverket og vi har hatt fleire gjennomganger med personalet. Dei siste må informerast.

18/17 Plan for revidering av skulen sin handlingsplan mot mobbing.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Revisjonen er påbegynt. Det er eit mål at den skal være ferdig til 1. desember. Rektor ønskjer at FAU, elevråd og personalet ved skulen er høyringsinstansar før revidert plan vert vedtatt i SU. Sendast på høyring i FAU rundt 1. november.

19/17 Eventuelt.

7. trinn ønskjer å være i brakkene fram til sommerferien. Dei har undersøkt i klassane og fleirtalet ønsker å være der.

Dei opplever at lufta i klasseromma er dårleg. Rektor ber vaktmester sjå på temperatur og luftmengd.

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet 18.10.2017

Desse møtte: Anita VB, Markus 7A, Augusta 6B, Solveig (Vara for Morten), Silje, Sigrid, Laila, Nina

12/17 Val av Leiar, nestleiar og sekretær

Leiar: Silje Nestleiar: Markus Sekretær: Magne

13/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste er godkjent utan merknader.

14/17 Kva er mandatet til SU?

Rektor informerte kort om mandatet til samarbeidsutvalet. Meir utfyllande informasjon vert sendt medlemmene på epost.

15/17 Orientering frå rektor

- ◆ Utbygging – rektor informerte om framdrift i byggeprosess og flytting i veke 44.
- ◆ Uteareal – Kommunen er framleis i forhandlingar med grunneigarar. Det er avtala at ansvarlege frå kommunen kjem på eit FAU møte og orienterer om prosessen

16/17 Møteplan

Første veke i desember

Siste veke i januar

Siste veke i mars

Siste veke i mai

17/17 Kva for saker skal SU jobbe med skuleåret 2017/2018?

Uteareal

Kommunikasjon skule-heim

Skulebasert vurdering

18/17 Trafikkpatrulje – sak meldt frå FAU.

FAU ønsker at elevar skal gå trafikkpatrulje på skuleveien. Elevrådet har tidlegare vært negative til dette, og vil ikkje ta på seg denne jobben. FAU må førebu denne saka og sende den over til ny behandling hos elevrådet. Skulen og FAU drøfter korleis dette skal gjerast attraktivt for 7. trinn.

19/17 Spørsmål om 90 minutters økter – spørsmål frå FAU

Rektor informerte kort om korleis det var tenkt når ei gjekk over til 60 minutt timar og langøkta på 90 minutt. Rektor presiserte at økta på 90 minutt (tidlegare dobbelttime) ikkje er noko som er nytt ved omlegginga frå 45 til 60 minutt. Rektor presiserte vidare at det ikkje er aktuelt å endre dette tilbake til 45

minutt, og at skulen etter forskrift til opplæringslova §1-6 kan organisere undervisninga i undervisningsblokker av ulik lengd.

Lærarane informerte kort om korleis ein time kan sjå ut. Lærarane er flinke til å variere aktivitetane, og enkelte klassar har småpauser og eventuelt spring ein runde rundt skulen. Mange bruker Livegym skole for å ha avbrekk.

20/17 Eventuelt.

Ingen saker

Med helsing

Magne Lædre
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Medlemmer av SU/SMU